

VERDIDOKUMENT FOR VIGRA BARNEHAGE

2024-2028




Giske kommune
Historisk og framtidsretta

Verdigrunnlaget til Vigra barnehage skal vere ei rettesnor for dei tilsette i det daglege arbeidet i barnehagen. Verdiane skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagen sitt arbeid. Å møte barnet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse, medverknad og anerkjenning er viktige verdiar som skal prege kvardagen i barnehagen.

Med utgangspunkt i verdigrunnlaget til Giske kommune har personalet ved Vigra barnehage jobba fram dette verdiheftet. I Heftet konkretiserer vi korleis vi opptre i møte med barna. I ein lærande organisasjon er det viktig at personalet reflekterer over praksisen og handlingane sine med jamne mellomrom.

I Vigra barnehage skal arbeidet vere prega av **respekt, kvalitet, engasjement og løysingsvilje**.



Respekt ved å vere imøtekomande, pålitelege og involverande. Møtet med barn og foreldre skal vere prega av **kvalitet** gjennom klar kommunikasjon, god kompetanse, læring og utvikling. Vi skal vise **engasjement** gjennom meningsfylte oppgåve for barn og personale, gjennom trivsel blant barn, tilsette og foreldre og gjennom arbeidsglede som er synleg. Personalet skal vise **løysningsvilje** ved heilskapleg tenking, handlekraft i alle situasjonar og kreativitet i arbeidet.

I Vigra barnehage viser vi respekt, kvalitet, engasjement og løysingsvilje på følgjande måte:

I leiken:

- Vi gir barna moglegheit til å avslutte leiken på ein god måte.
- Vi skjermar god lek som er i gang.
- Vi legg vekt på inndeling i smågrupper.
- Vi gir rom for at leiken kan få stå over tid; hytter, byggjeklossar og liknande.
- Vi følger opp avtaler vi har gjort med barna.
- Vi er nærverande der barna er i lek og er deltakande i tråd med deira behov.
- Vi legg til rette for gode og varierte fysiske leikemiljø både inne og ute.
- Vi har utstyr og leiker av god kvalitet og som er tilpassa modning og alder.
- Vi er som tilsette er til stede i leiken: som ser, engasjerer, støtter og rettleier barna når dei treng det.

I samtalen:

- Vi er bevisste på vårt eige kroppsspråk og mimikk.
- Vi har øyeblikkontakt med barnet; vi bøyer oss ned og er på deira høgd.
- Vi bygger vidare på det som barna er interessert i.
- Vi lyttar til barnet og lar det snakke ferdig.
- Vi gir barna tid til å svare, reflektere og tenke seg om før vi stiller nye spørsmål.
- Vi inspirerer til undring ved å bruke opne spørsmål og gir ikkje fasitsvar.
- Vi avbryt ikkje kvarandre, vi ber dei andre vente dersom vi i ein samtale med nokon.
- Vi tar oss tid til å få i gang ein god dialog og prøver å involvere fleire.
- Vi brukar språket aktivt saman med barna i alle kvardagssituasjonar.
- Vi held fokus på den som ein har samtalen med.

Samling:

- Vi gir barna meningsfulle opplevingar.
- Samling skal vere ein positiv oppleving prega av glede og humor.
- Vi legg vekt på at barna skal kunne medverke.
- Vi øver oss på lytte til kvarandre.
- Vi «løftar» eit og eit barn i fellesskapet; kvar sin gang å vere i fokus på ein positiv måte.
- Vi møter godt forberedt til samling og har ei plan for innhald og formidling.
- Vi legg vekt på variasjon i innhaldet; det skal vere aldersadekvat og spennande.
- Vi har rom for å prøve og feile; vi undrar oss over svar og tankar saman.
- Vi legg vekt på inkludering og bruker visuell støtte for å få med alle barn.

Måltidet:

- Vi har ein høfleg omgangsform; kan du sende, kan eg få....
- Vi venter på tur.
- Vi takker for maten.
- Vi skapar ro rundt måltidet, tilsette sit saman med barna.
- Vi oppmuntrar barna til å ete opp og prøve på nye smakar.
- Vi førebur barnet dersom vi skal tørke det på munnen/hendene, og vaskar forsiktig.
- Vi har fokus på sunn og variert mat.
- Vi har fokus på å ha ein inkluderande samtale der barna er i sentrum.
- Vi oppmuntrar barna til å kjenne på sine behov; kjenne etter om ein er mett eller om ein treng meir mat.
- Vi oppmuntrar barna til å vere deltakande ved å t.d. å dekke bord, hjelpe kvarandre og smøre mat sjølv.

I Garderobe/påkledning:

- Vi gir barna den tid, oppmuntring og ro dei treng for å meistre.
- Vi påpeiker ikkje manglar i hylla/korga til barna over hovudet på dei.
- Vi gir rom for at barn er ulike og ikkje alltid treng å ha på seg likt, med tanke på klede.
- Vi har små grupper i garderoben om gongen.
- Vi hjelper barna til å halde orden og rydde bort klede.
- Vi oppmuntrar barna til å hjelpe kvarandre.

Stell og toalett situasjon:

- Vi skjermar barna ved å lukke døra og gir dei den tida dei treng.
- Vi gir barna lov til å avvise hjelp frå tilsette dei ikkje har gode relasjonar til.
- Vi viser diskresjon når vi sjekkar bleia til barnet.
- Vi oppmuntrar/motiverer barna til å gå på do, vi tvinger ikkje.
- Vi følgjer rutinar som er sett for god hygiene.
- Vi er bevisste på kroppsspråket vårt.

Bringe og Hente:

- Vi tek imot barnet med et smil og bruker namnet til barnet.
- Vi har fokus på å gi foreldre ei kjensle av at trygghet når det går frå barnet.
- Vi seier «hadet» og takk for i dag når barnet blir henta.
- Vi seier «hadet» og takk for i dag til barna når vi avsluttar vår arbeidsdag.
- Vi hjelper dei barna som treng det inn i leik.

- Vi tar foreldre til side når vi skal gi eller ta imot informasjon som barnet ikke trenger å høre.
- Vi «løfter» barnet ved henting ved å fortelle noko kjekt/positivt til foreldre saman med barnet.
- Vi inkluderer barnet i samtalen ved bringe/ hente situasjonar.
- Vi støtter/retteleiar foreldre dersom dei treng det ved denne situasjonen.
- Vi hjelper barnet og foreldre til å starte/avslutte dagen på ein god måte.